# AVTALE

Mellom vegsjefen i Hordaland på vegne av Staten v/Samferdselsdepartementet og Magnus Hernar, 5110 Frekhaug, eigar av gnr. 24, bnr. 1 i Meland kommune, er idag inngått følgjande avtale:

Eigar av gnr. 24, bnr. 1 har gjeve gnr. 24, bnr. 4, og gnr. 25, bnr. 2 skogsvegrett over sin eigedom på vestre sida av riksvegen, samt rett til å nytta velteplassen ved ca P - 8850. Vegtraseen er vist på vedlagte kartutsnitt i M=1:1000.

Denne avtalen kan vegvesenet tinglysa på gnr. 24, bnr. 1.

Frekhaug, den ..............

Magnus Hernar
Grunneigar

Bergen, den 28/10-83.

Odd G. Eriksen
for vegsjefen i Hordaland

# A V T A L E

Mellom vegsjefen i Hordaland på vegne av Staten v/Samferdselsdepartementet og Bjørn Langeland m.fl. Fagerbakken 3, 5082 Eidsvågneset, eigar av gnr. 24, bnr. 4 i Meland kommune, er idag inngått følgjande avtale:

Eigar av gnr. 24, bnr. 4 har gjeve gnr. 25, bnr. 2 skogsvegrett over sin eigedom på vestre sida av riksvege. Vegtraseen skal grunneigarane bli samde om der det passar best i terrenget.

Denne avtalen kan vegvesenet tilglysa på gnr. 24, bnr. 4.

Eidsvågneset, den 30/12-83

Olav Langeland
Bjørn Langeland
Oddin Langeland
Sigrid Langeland
Randi Mjåtveit
Grunneigar

Bergen, den 9/1-84

Odd G. Eriksen
for vegsjefen i Hordaland

Eksemplar til grunneigar

# KJØPEKONTRAKT

Mellom vegsjefen i Hordaland på vegne av Staten v/Samferdselsdepartementet/Hordaland fylke

og Bjørn Langeland m.fl. adresse Fagerbakken 3, 5082 Eidsvågsneset

eigar av gnr 24 bnr 4 i Meland kommune

er idag inngått følgjande kjøpekontrakt:

I samband med bygging/~~utbetring~~ av riksveg/~~fylkesveg~~ nr. 564

anlegg ........ parsell Fosse - Frekhaug

har underskrivne grunneigar bunde seg til å avstå naudsynleg grunn mot følgjande vederlag:

| Markslag: | Ca. da | | |
|---|---|---|---|
| Skogsmark | 4,0 | kr. 2000,- | pr. da |
| | | kr. | pr. da |
| | | kr. | pr. da |
| | | kr. | pr. da |

| Gjerde: | Ca. l.m. | | |
|---|---|---|---|
| Nytt gjerde inkl. framtidig vedlikehald | | kr. / | pr. l.m. |
| Flytting av eksisterande gjerde | | kr. / | pr. l.m. |

Gjerde må setjast opp i samsvar med forskrifter gitt i medhald av veglova § 45. Erstatningssummen vert ikkje betalt før gjerdet er sett opp i samsvar med desse. Kontroll vert utført etter varsel frå grunneigaren.

1. Omfanget av areal som går med til veganlegget skal vera i samsvar med planar som ligg føre. Det skal ervervast 1 meter fra skjæringstopp/fyllingsfot og minimum 3 meter frå vegkant.

2. Naudsynlege omleggingar av offentlege og private kloakkar, drensleidningar og vassleidningar, elektriske anlegg, herunder telefon, vert utført og kosta av vegvesenet. Det framtidige vedlikehald av leidningane fell på eigaren av leidningane.

3. Eventuell erstatning for ulempe dekkjer alle ulemper som kjem av veganlegget og den ferdige vegen. Eventuelle skader som oppstår under anlegget vert dekte etter skjøn etter veglova § 60 dersom ikkje partane vert samde om erstatning.

4. Erstatning for skogsgrunn omfattar grunn med påståande tre dersom ikkje anna går fram av pkt 7.

5. Vegvesenet kan ta grunnen i bruk når denne kontrakta er underskrive. Med mindre vegsjefen avgjer noko anna, skal grensene for statens/fylkets eigedomsområde etter denne kontrakta fastleggast når anlegget er ferdig og merkast med faste grensmerke. Det skal då setjast opp eit heimelsdokument i 2 eksemplar som skal underskrivast av begge partar, og som inneheld arealoppgåve med vedlagt grunnkart. Grunneigaren og vegvesenet får kvar sitt eksemplar.

6. Grunneigaren kan krevja førebels oppgjer når grunnen vert teken i bruk. Endeleg fastsetting av kjøpesummen vert gjort når veganlegget er ferdig og grensene er trekte opp i samsvar med det som er sagt under pkt. 5. Vegvesenet betaler rente med 10 % av restkjøpesummen frå grunnen vert teken i bruk.

7. ANDRE KONTRAKTVILKAR:

1. På austsida av riksvegen byggjer vegvesenet avkjørsle ved ca P-8880 til bruk for eigedomen gnr. 24, bnr. 1 og 4. Begge bruka får rett til å nytte gang- og sykkelvegen som kjøreveg for jordbruksføremål.

   Parallelt med gang- og sykkelvegen, ved ca P-8910, vil vegvesenet utplanera ei tømmerlomme, storleik ca 50 m2. Frå denne, ved ca P-8940, byggjer vegvesenet gangveg til terrenget.

2. Gnr. 24, bnr. 4 vil dessutan få dispensasjon frå byggeforbudsbeltet på 30 m frå riksvegen for å nytte heile strandområdet.

3. Tømmer- og vedskogen som blir råka av veganlegget skal leggjast opp på vestre sida av riksvegen.

4. Ingen av partane kan vise til denne avtalen dersom det må haldast skjøn.

[illegible] den 30/12-83

Bjørn Langeland
Olav Langeland
Oddm. Langeland
Sigrid Langeland
Randi Mjøstedt

Grunneigar

Bergen den 9/1-84

Odd G. Eriksen

for Vegsjef i Hordaland

2000x2 2-79 Tangen-Trykk, Drm.